

**Uskedelingen Trygve Leite (31) har i helga stått for ein stor sportsprestasjon - han har saman med makkaren Kim Hellum frå Oslo vunne årets Norges Tour i sandvolleyball. Finalane vart avvikla på Bragernes Torv i Drammen.**

- Eg har no hatt nokre litt magre år, men like over jul fekk eg ein ny makkar. Vi har svært god kjemi og har hatt fin framgang, seier ein svært fornøgd Trygve til uskedalen.no

Det var særleg stort for Kim og Trygve å slå superveteranane Jørre Kjemperud (41) og Vegard Høidalen (39) isiste kamp. Dei har i mange år vore internasjonale proffar på toppnivå, vore med i fleire OL og faktisk plukka medaljar i EM og VM i denne verdsomspennande sporten som blir stadig meir populær. Dei har mangetopp-ti-plasseringar internasjonalt. Dei tapte for Leite og Hellum med 18-21, 21-12 og 15-9 i Drammen.

Men nivået i internasjonal sandvolley har eksplodert i dei seinere åra og det har vorte stadig meir problematisk å hevda seg i verdsturneringane, der ein kan risikera å møta lag som Brasil! I år har det ikke gått så bra for Jørre og Vegard og det har nok både med nivået og alderen å gjera....Dei vart til dømes slått ut i kvalifiseringa til dei 5 første verdsturneringane.

Trygve er ikkje profesjonell, han jobber saman med over 300 i finn.no i Oslo. Heller ikkje satsar han på ein profesjonell karriere sjølv om han var frista av det for nokre år sidan. Etter å ha spela volleyball starta han som sandvolleyballspelar for 9 år sidan og han har vore 6 år i Oslo. Han vann Norges Tour også i 2005.

Av Ola Matti Mathisen